

KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/23/51

av 17. februar 1998

om endring av vedtak 94/650/EF om gjennomføring av et tidsbegrenset forsøk med salg av frø i bulk til sluttforbrukeren(*)

(98/174/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra förvekster⁽¹⁾, sist endra ved rådsdirektiv 96/72/EF⁽²⁾, særleg artikkel 13a,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av såkorn⁽³⁾, sist endra ved rådsdirektiv 96/72/EF, særleg artikkel 13a, og

ut frå desse synsmåtane:

Ved kommisjonsvedtak 94/650/EF⁽⁴⁾ vart det innført eit mellombels forsøk på fellesskapsplan med sikte på å vurdere om salg av frø i bulk til sluttforbrukaren kan føre til vesentleg kostnadssparing i samband med emballering, emballeringsmateriale og påfølgjande disponering av dette, utan at det vil føre til at kvaliteten på frøa vert redusert jamført med den kvaliteten som vert oppnådd med den noverande ordninga.

I lys av dei røynsleane som er gjorde under forsøket, som held fram til 31. desember 1997, er det enno ikkje mogleg å stadfeste desse påstandane på fellesskapsplan ut frå dei tilgjengelege opplysningane.

Det bør difor gjennomførast eit tidsavgrensa forsøk på nærmare fastsette vilkår for å vurdere om dei førnemnde påstandane kan stadfestast på fellesskapsplan.

Det er naudsynt å sikre kontinuiteten i forsøket.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I artikkel 4 nr. 4 i vedtak 94/650/EF vert begge førekomstane av datoen «31. desember 1997» endra til «30. juni 2000».

Artikkel 2

Dette vedtaket tek til å gjelde 31. desember 1997.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. februar 1998.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 63 av 4.3.1998, s. 31, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/2002 av 25. juni 2002 om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantasenitære tilhøve), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 49 av 3.10.2002, s. 17.

⁽¹⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

⁽²⁾ TEF L 304 av 27.11.1996, s. 10.

⁽³⁾ TEF 125 11.7.1966, s. 2309/66.

⁽⁴⁾ TEF L 252 av 28.9.1994, s. 15.